



Vegdirektoratet Region Vest

Vår ref:

Sak: 19/1211 JpID: 19/6955 Sbh: ABJ

Dykkar ref.

Dato:

02.05.2019

## Høyringsuttale frå Eid Formannskap til Statens Vegvesen

Nordfjordeid, 2. mai 2019

Til Statens Vegvesen, Vegdirektoratet

### Høyrings svar til rapporten "Ny tjenesteleveransemodell og tjenestestruktur på TK-området"

#### Samandrag/konklusjon

#### 1. Tilbodet ved Nordfjordeid Trafikkstasjon blir vidareført minst på dagens nivå.

Det må leggjast særleg vekt på tenester knytt til næringslivet i Nordfjord sine behov: Kontrollhall og køyretøyregistrering skal framleis vere mulig å gjere ved stasjonen.

#### 2. Statens Vegvesen nyttar den heilskaplege, store omorganiseringa som no skal gjerast av heile SVV sin forvaltingsorganisasjon til å styrke Nordfjordeid Trafikkstasjon som kontorstad - og tydeleggjere dette i nytt organisasjonskart.

Nye oppgåver og funksjonar i Statens Vegvesen sin nye divisjonsstruktur må lokaliserast til Nordfjordeid (jmf Granavolden-erklæringa og Nordfjord som ein region med få og svake statlege kompetansemiljø pr i dag).

#### 3. Utprøving av ein ny modell for "Statens Hus" på Nordfjordeid, der Statens Vegvesen sitt forvaltingsmiljø blir samlokalisert med Skatteetaten, Politiet, NAV og/eller jordskifterett for å skape eit samla, robust statleg fagmiljø - gjerne også saman med nye Vestland fylkeskommune.

---

#### Innleiing

Eid kommune syner til rapporten "Ny tjenesteleveransemodell og tjenestestruktur på TK-området", som er sendt på såkalla "begrenset høring" i perioden 14. april-4. mai 2019.

Eid kommune vil med dette gje høyrings svar på rapporten, sjølv om vi formelt ikkje står på høyringslista. Dette fordi tilrådinga i rapporten har alvorlege negative følgjer for vår kommune og regionen rundt.

Rapporten er etter vårt syn også i strid med statlege føringar om desentralisering av statlege kompetansemiljø. Rapporten inneheld ikkje relevante vurderingar av distriktpolitiske konsekvensar, vurderer ikkje klima-effekten av det auka transport-behovet framlegget utløyser (særleg for

Post- og besøksadresse

Rådhusvegen 11, 6770 Nordfjordeid

Telefon

57 88 58  
00

Org.nr

938521816

E-post

post@eid.kommune.no

Internett

www.eid.kommune.no



tungtransport) - ser ikkje TK-området i samanheng med SVV sine øvrige kompetansemiljø og set heller ikkje framlegget inn i ei heilskapleg vurdering av staten si rolle i distrikts-Noreg, jmf Granavolden-erklæringa.


Desse manglane ved rapporten er så alvorlege at vårt høyringssvar også blir sendt direkte til Samferdsledepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet, Klima- og miljødepartementet, Statsministerens Kontor og KS.

## 1. Om Nordfjordeid Trafikkstasjon

Nordfjordeid, kommunesenteret i Eid kommune og frå 1.1.2020 i nye Stad kommune, er i dag vertskap for Nordfjordeid Trafikkstasjon - som er både trafikkstasjon og kontorstad for Statens Vegvesen. Det er pr i dag 28 personar knytt til trafikkstasjonen, fordelt mellom kontorstaden (17 personar) og sjølve trafikkstasjonen (11 personar). Heile sju ulike avdelingar i SVV er representert blant dei 28 tilsette på Nordfjordeid Trafikkstasjon. Dei tilsette arbeider både med nasjonale oppgåver tilknytt Vegdirektoratet, regionale oppgåver i region Vest og i vegavdeling Sogn og Fjordane.

Statens Vegvesen framstår pr i dag som ein statleg etat som er langt framme i å nytte ny teknologi til å arbeide sømlaust på tvers av geografi. Det er i dag fullt mulig å sitje på Nordfjordeid Trafikkstasjon og arbeide med både nasjonale og regionale oppgåver i etaten. Samlokaliseringa av trafikkstasjon og kontorstad sikrar eit sterkt og attraktivt fagmiljø - men er samtidig ein sårbar struktur dersom ein byrjar å plukke fagmiljøet frå kvarandre "stykkevis og delt" utan å bry seg om heilskapen - noko vi meiner delrapporten om TK-området av Statens Vegvesen ber sterkt preg av.

Vi vil også peike på at Nordfjordeid og Nordfjord i dag har høvesvis få og små statlege kompetansemiljø samanlikna med dei fleste andre bu- og arbeidsmarknadsregionar i Noreg - sjå til dømes figur under som samanliknar med andre regionar i Sogn og Fjordane.



Nordfjordeid Trafikkstasjon med sine ca 30 tilsette er det største gjenverande statlege kompetansemiljøet i Nordfjord utanom helsesektoren. Dersom også dette fagmiljøet no blir bygd ned og flytta vekk frå ein bu- og arbeidsmarknadsregion som systematisk over tid allereie har blitt tappa sterkt for statlege kompetansemiljø - så er det alvorleg for den heilskaplege utviklinga av Nordfjord som bu- og arbeidsmarknadsregion.

Dette blir også understreka av uttale i saka frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, som peiker særskilt på kor viktige Statens Vegvesen sitt fagmiljø er i Nordfjord. I Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane sin høyringsuttale om saka dagsett 6. mars 2019, heiter det som følgjer:

*"Den framtidige organiseringa av Statens vegvesen må spegle at regjeringa meiner alvor med statleg lokaliseringpolitikk. Den må følgje opp måla i kommune- og regionreforma, med nye oppgåver til sterkare kommunar og regionar. Regionvegkontoret i Leikanger og tenestestadene Sogndal, Nordfjordeid og Førde, er alle lokaliserte i nye, større kommunar. Nordfjord er i tillegg ein bu- og arbeidsmarknadsregion med høvesmessig få og små statleg forvaltningsmiljø slik at Statens Vegvesen sitt fagmiljø er av særskilt betydning."*

Eid kommune meiner også rapporten som no ligg på bordet er eit klart brot på Granavolden-erklæringa, der det står følgjande i kapitlet om distriktspolitikk: *"Sikre helhetlig oversikt og koordinering av flytting, nedleggelse og opprettelse av statlige arbeidsplasser. Ved strukturendringer vil regjeringen sikre en fortsatt god regional fordeling av statlige kompetansearbeidsplasser."*

I denne rapporten foreslår Statens Vegvesen nøyaktig det motsette for Nordfjord sin del: Å bygge ned fagmiljøet i ein region der det er få statlege kompetansearbeidsplassar frå før, og flytte det til stader der det allereie er høvesvis mange (Også kjent som Matteus-effekten: «For den som har, han skal få, og det i overflod. Men den som ikkje har, skal bli fråteken jamvel det han har» (Matteusevangeliet 25,29).

## **2. Om framlegget i rapporten**

For Nordfjordeid Trafikkstasjon er det foreslått å avvikle all aktivitet ved dagens trafikkstasjon med unnatak av ambulerande Teoriprøve og ambulerande Førarprøve lette køyretøy.

Alle andre tenester - herunder Førarkort, Køyretøyregistrering, Førarprøve MC og kontrollhall for både lette og tunge køyretøy - skal etter forslagast leggest ned i Nordfjord og flyttast til Førde, som ligg ca to timars reise unna. Her skal det etter planen også investerast i nye hallfasilitetar heilt frå grunnen av.

Det er ingen tvil om at dette - trass i at fleire tenester enn før kan gjerast digitalt - betyr dårlegare tilbod for innbyggjarar og næringsliv i Nordfjord. Det som kanskje isolert sett er ei innsparing for etaten SVV, fører i staden til auka utgifter for bedrifter og befolkning i Nordfjord forøvrig - utan at vi kan sjå det er gjort noko samla samfunnsøkonomisk analyse utover den reint "interne innsparinga".

For Nordfjord sin del er dette kanskje særleg alvorleg for næringslivet, jmf tidlegare skriv som er signert av alle næringsorganisasjonane i Nordfjord (sjå vedlegg).

I rapporten er dei distriktspolitiske konsekvensane av saka svært dårleg gjort greie for, og klimaeffekten av framlegget er ikkje kommentert i det heile tatt. Alt som står om distriktspolitiske følgjer er desse to setningane heilt til slutt i rapporten:

"Lokalsamfunn er interessert i lokale arbeidsplasser og gode offentlige tjenestetilbud. Når det foreslås å flytte tjenester fra et sted, vil det innebære reduksjon av lokale arbeidsplasser og lengre reisevei for innbyggerne som har behov for å møte opp på ett av våre tjenestesteder."

Vi merkar oss at Statens Vegvesen med dette erkjenner at framlegget i rapporten betyr færre arbeidsplassar i Nordfjord og lenger reiseveg for innbyggjarane - men utan at dette er sett i samanheng med dei distriktpolitiske måla i Granavolden-erklæringa, som peiker i stikk motsett retning. Det meiner vi er sterkt kritikkverdig.

Vi meiner også det er kritikkverdig at rapporten overhovud ikkje omtaler følgjene framlegget i rapporten vil ha for dagens samlokalisering av trafikkstasjon og kontorstad på Nordfjordeid og andre stader i distrikts-Noreg. Dette utgjer som nemnt ovanfor i dag eit heilskapleg fagmiljø, som no blir demontert bit for bit utan ei heilskapleg vurdering.

Vi finn det også overraskande at ein i ein sektor som elles har sterkt fokus på klimamål, ikkje er gjort nokon berekningar av kva det betyr auka utslepp frå transportsektoren å sende tungtransport frå Sogn/Nordfjord heilt til Førde i staden for å utføre kontrollar etc i nærrområde. Dette er - etter det vi kan forstå - stikk i strid med dei nasjonale målsetjingane for nullutslepp frå transportsektoren.

### **3. Våre krav**

Vi kan ikkje godta framlegget til nedlegging av Nordfjordeid Trafikkstasjon som no ligg på bordet - utan vurdering av distriktpolitiske konsekvensar og utan å gjere greie for følgjene dette vil ha for det heilskaplege kompetansmiljøet på ca 30 personar som i dag har sitt arbeid på Nordfjordeid trafikkstasjon.

Vi krev at Vegdirektoratet, Samferdsledepartementet og Regjeringa gjer ei samla vurdering av saka om omorganisering av Statens Vegvesen som rettar seg etter Granavolden-erklæringa sine mål om å:

- *Lokalisere nye offentlige kompetansearbeidsplasser over hele landet, også utenfor de største byene*
- *Følge opp planen om utflytting av statlige arbeidsplasser fra 2016, og arbeide for ytterligere utflyttinger i perioden*
- *Sikre helhetlig oversikt og koordinering av flytting, nedleggelse og opprettelse av statlige arbeidsplasser. Ved strukturendringer vil regjeringen sikre en fortsatt god regional fordeling av statlige kompetansearbeidsplasser.*

**Konkret for Nordfjordeid Trafikkstasjon sin del krev vi følgjande:**

#### **1. Tilbodet ved Nordfjordeid Trafikkstasjon blir vidareført minst på dagens nivå.**

Det må leggjast særleg vekt på tenester knytt til næringslivet i Nordfjord sine behov: Kontrollhall og køyretøyregistrering skal framleis vere mulig å gjere ved stasjonen.

#### **2. Statens Vegvesen nyttar den heilskaplege, store omorganiseringa som no skal gjerast av heile SVV sin forvaltingsorganisasjon til å styrke Nordfjordeid Trafikkstasjon som kontorstad - og tydeleggjere dette i nytt organisasjonskart.**

Nye oppgåver og funksjonar i Statens Vegvesen sin nye divisjonsstruktur må lokaliserast til Nordfjordeid (jmf Granavolden-erklæringa og Nordfjord som ein region med få og svake statlege kompetansmiljø pr i dag).

#### **3. Utprøving av ein ny modell for "Statens Hus" på Nordfjordeid, der Statens Vegvesen sitt forvaltingsmiljø blir samlokalisert med Skatteetaten, Politiet, NAV og/eller jordskifterett for å skape eit samla, robust statleg fagmiljø - gjerne også saman med nye Vestland fylkeskommune.**

Vi er kjende med at Statens Vegvesen har positive røymsler med slik samlokalisering andre stader i landet - for å sikre god rekruttering, innsparer husleigeutgifter og kompetanseutveksling på tvers. Nordfjordeid - med små avdelingar/kontor for fleire ulike statlege etatar, bør vere perfekt eigna for ein slik modell, gjerne også saman med nye Vestland fylkeskommune, jmf planlagt overføring av personell og oppgåver innanfor forvaltning av fylkesvegnettet frå Statens Vegvesen til fylkeskommunane. Ein slik ny modell for "Statens Hus" kan også forankrast i Regjeringa si varsla Distriktsmelding.

---

Vi vonar våre innspel blir tekne omsyn til i den vidare prosessen. Etter at Statens Vegvesen har levert si endelege innstilling til Samferdsledepartementet 10. mai vil vi be om møte om saka på politisk nivå med berørte departement - inkludert Kommunal- og regionaldepartementet.

**Venleg helsing Eid formannskap:**

Alfred Bjørlo (V)  
Tore Hjelle (H)  
Siri Sandvik (Ap)  
Sissel Ommedal (Krf)  
Arild Krogh Nøstdal (V)  
Kirsti Ohrvik Olsen (V)  
Ståle Sandal (Sp)  
Ida Elisabeth Ohrvik (Sp)  
Sigurd Reksnes (Sp)

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

*Ver venleg å oppgje referansenummer 19/1211 dersom du tek kontakt med oss.*

**Kopi til:**

Klima- og miljødepartementet  
v/klima- og miljøminister Ola  
Elvestuen (V)  
Kommunal- og  
moderniseringsdepartementet  
v/Kommunal- og  
moderniseringsminister Monica  
Mæland  
KS v/Styreleder Gunn Marit Helgesen  
Samferdselsdepartementet  
v/Samferdselsminister Jon Georg  
Dale  
Sogn og Fjordane Fylkeskommune  
Postmottak  
Statens Vegvesen Region Vest  
Statsminister Erna Solberg

**Vedlegg:**

Vedtak Fylkesutvalet	1423654	02.05.2019
Statens Vegvesen sitt fagmiljø i Nordfjord må styrkast, ikkje byggast ned!	1423655	02.05.2019
Statens Vegvesen sitt fagmiljø i Nordfjord må styrkast	1423656	02.05.2019